

Et debattinnlegg

Siste nummer av Mineralogical Record tek opp problemet med at stadig fleire mineralforekomster i USA blir stengde eller verna mot mineralsamling.

Problemet er også aktuelt i Norden, lat meg berre nemne Hardangervidda, Almenningen, Hattfjelldal...

Eg trur derfor det er viktig at vi får ein debatt om dette i STEIN, slik at vi samlarar kan få avklåra haldningane våre og skaffe oss nokre felles reglar om framferd i naturen. I neste omgang må NAGS opptre som vår part i drøftingar med aktuelle styresmakter.

Presset på norske mineralforekomster har auka dei siste åra. Det ser ut som om talet på samlarar aukar, samtidig blir landet vårt attraktivt for ei veksande gruppe utlendingar, jfr. redaktørens møte med tyske "stu-

dentar" fra Hardangervidda.

EF vil – utan tvil – leggje landet vårt meire ope, samtidig som vi sjølv sagt får tilsvarende tilgang til forekomster i Europa. For desse har dei fleste land forlenget fastsatt sine reglar.

Eg ville derfor sjå det som viktig at NAGS snarast råd utarbeider etiske reglar (slik mange av klubbane alt har) – og at desse blir trykt i STEIN som eit grunnlag for vidare diskusjon. NAGS kan så i neste omgang ta kontakt med dei store grunneigarane som t.d. Statens Skoger, Almenningar osv. På denne måten kan vi kanskje skjera klar nokre av dei problem som t.d. samlarar i USA nå kjempar med.

Lom, oktober '92

Torgeir T. Garmo

Brukt slipeutstyr **Kun demonstrasjonsbrukt**

Vi har ved en tilfældighet kommet over et komplett slipeverksted, opprinnelig bygget for en slipeskole. Utstyret består av 5 arbeidsstasjoner. En 8" sag, en 8" slipeskive for preforming, samt 3 horisontale skiver for sliping og polering, her kan man benytte slipepapir eller diamantskiver alt etter eget ønske.

Hver arbeidsstasjon har egen motor. Utstyret er montert på to bor med, regulerbar høyde.

Utstyret passer for en klubb eller for andre som har tenkt å starte produksjon av smykker. Prisantydning kr. 12.000,-

Henvendelse Ellinor & Bjørn Holt

Tlf. 09 39 07 78. Karjolveien 51, 1600 Fredrikstad